



Jarle Hauge  
Solbergvegen 186  
6210 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Sandnes Granli, 71 25 84 27

## Løyve til felling av skadegjerande jerv - Fjord kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til din søknad av 21.08.2021 og epost 23.08.2021 om felling av skadegjerande jerv i Fjord kommune.

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 13, gir Statsforvaltaren i Møre og Romsdal Jarle Hauge løyve til felling av ein skadegjerande jerv i tidsrommet frå og med 21.08.2021 til 30.08.2021 kl. 12.00.

Fellingsløyvet gjeld innanfor Fjord kommune, avgrensa til beiteområdet nytta av Jarle Hauge. Det er gitt vilkår om at fellingsforsøk skal konsentrerast til nærområdet til der jerven har tatt sau og der jerven er observert. Statsforvaltaren har lagt særleg vekt på potensialet for skade i området. Talet på beitedyr, funn av kadaver og eit skadd dyr, observasjon av jerv jagande på sau og at det var høge tap førre sesong er lagt til grunn. Fellingsløyvet er gitt for å hindre vidare skade på sau.

Nærare vilkår følgjer av dette brevet.

### Bakgrunn

Jarle Hauge søkte, pr. telefon, 21.08.2021 om løyve til felling av ein skadegjerande jerv i hans beiteområde, Langfjelldalen, i Fjord kommune. I rovbasen ligg det inne informasjon om eit lam i området som det er konkludert med at er drept av jerv 05.08.2021. I tillegg vart det på fredag funnet ein skadd sau med skadar i hals/nakke, denne vert undersøkt av SNO, men er ikkje registrert i Rovbase enda. Det er kome inn truverdig synsobservasjon frå same område, av jerv som jaga ein saueflokk på om lag 10 dyr. Den siste skaden er ikkje stadfesta av rovviltansvarleg i SNO, men skadebiletet saman med tidlegare funn i år, kjennskapen til jervebestanden og til tidlegare tap i området gjer at vi vurderer det som jerveskade.

Tidlegare denne beitesesongen har det vore gitt fellingsløyve for perioden 06.07. – 04.08. i Steindalen. Det vart felt jerv i Steindalen 02.08 og det er ikkje registrert ny skade i det området etter dette. Det er sidan registrert mykje jerveskade i beiteområdet nytta av Ulvådalen sausankerlag i Rauma kommune, Dette er i same fjellområde, med noko avstand mellom. Det er gjort forsøk på skadefelling i Ulvådalen, men det har ikkje lukkast. Meldingar frå kommunen tyder på at auka



menneskeleg aktivitet og jakt i området kan ha gjort at jerven har endra mønster. Statsforvaltaren ser difor desse skadane delvis i samanheng.

Med bakgrunn i dette meiner dyreeigarane at det er ein pågåande skadesituasjon. Det er no planlagd tidlegsanking i veke 35.

### **Juridisk grunnlag**

Det rettslege grunnlaget for avgjerda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18 andre ledd bokstav b), og § 77, jf. Forskrift 18. mars 2005 nr. 42 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 13, jf. §§ 1 og 13.

Naturmangfaldlova § 18 (annet uttak av vilt og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):  
*«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk (...) b) for å avvergeskade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom, (...) Vedtak etter første ledd bokstava til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte. (...)»*

Rovviltforskrifta § 9 (Fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):  
*«Ved vurdering av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særleg tas hensyn til*

- a. Områdets betydning som beitemark*
- b. Skadens omfang og utvikling*
- c. Potensialet for fremtidige skader*
- d. Muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak*

*Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35.*

Rovviltnemnda i region 6 har i vedtak av 23. april d.å. fastsett ein kvote på 5 betinga skadefellingsløyve på jerv i region 6 (Trøndelag og Møre og Romsdal) frå 1. juni 2021 – 15. februar 2021. I vedtaket står det mellom anna følgjande om skadefelling av jerv: *«Bestanden ligger over bestandsmålet på 10 ynglinger per i dag (tre års gjennomsnittet er 17,3 ynglinger). Terskelen for å tillatefelling av skadegjørende jerv skal være lav i prioriterte beiteområder og i kalvingsland for tamrein»*

### **Statsforvaltaren sin vurdering**

Etter naturmangfaldlova (nml) § 5 er det eit mål at artane og deira genetiske mangfald skal bli ivaretatt på lang sikt og at artane skal kunne førekomme i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel vegast opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom den regionale forvaltningsplanen for rovvilt i region 6.

Etter rovviltforliket punkt 2.2.19 skal soneinndelinga forvaltast tydeleg. Dette er klårgjort i brev av



28.april 2014 frå Klima- og miljøvernministeren til fylkesmennene og rovviltnemndene og i brev av 21. mai 2014 frå Klima- og miljøverndepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) til rovviltnemndene, med kopi til fylkesmennene. I område som i forvaltningsplanen er definert som yngleområde for rovvilt skal terskelen for skadefelling vere høg. I rovviltprioriterte område skal beitenæringa tilpasse drifta til at det skal vere rovvilt i området.

Det følgjer av rovviltforskrifta § 9, at statsforvaltaren skal vurdere den konkrete situasjonen opp mot følgjande fire kriterium; området sin verdi som beitemark, omfang og utvikling av skadane, potensialet for framtidige skader og moglegheiter for å gjennomføre førebyggjande tiltak. I brev av 9.juli 2014 har klima- og miljøvernministeren gjeve nærare føringar for vurderingar av vilkår for skadefelling, og omgrepet skadepotensiale.

Sonefordelinga mellom jerveprioriterte og beiteprioriterte område skal forvaltast tydeleg, og det skal vere ein høg terskel for å gje skadefellingsløyve i jerveprioritert område. Det aktuelle beiteområdet ligg innafør jerveprioritert område, der ein skal prioritere å setje inn førebyggjande tiltak.

Skadefelling er eit verkemiddel for å avhjelpe akutte skadesituasjonar som kan oppstå, og skal berre setjast i verk om det ikkje finst anna tilfredsstillande løysing. Løyve for skadefelling skal rettast mot bestemte skadesituasjonar, og skal avgrensast i tid og rom. Skadefelling skal ikkje nyttast som eit bestandsregulerande tiltak.

Utmarksbeitet i Langfjelldalen har stor verdi for beitebrukarane. Det er dokumentert tap til jerv av lam og jerven er observert jagande på sau i eit beiteområde med årvisse tap av sau til jerv. Vi legg vekt på denne situasjonen og på at det er dokumentert jerveskade. Det er godt tilsyn i området og beitebrukarane har gått tilsyn jamleg for å halde oppsyn med situasjonen. Tilsynet har i tillegg inntrykk av at det manglar lam, men det er vanskeleg å få full oversikt da søyene ikkje går med lamma til ei kvar tid. Vi legg til grunn at det no vert satt inn ressursar for å få betre oversikt over situasjonen. Vi legg og vekt på at det er noko tid att før ein kan få sauene heim, samt dokumentert skade og tapa i førre beitesesong i vår vurdering av skadefellingsløyve. Det at jerven var observert jagande på sau, i tillegg til ny dokumentert skade, gjer at statsforvaltaren vurderer at det er ein pågåande skadesituasjon.

Tilgrensande områder har i år hatt store skadar både tidleg i sesongen og framleis pågåande. Skaden i år har oppstått tidlegare på året enn i tidlegare år og sauane hadde ei knapp veke på beite før det vart dokumentert tap til jerv. Beiteområdet i Langfjelldalen har etter meldingane ikkje hatt store tap tidleg i sesongen, men vi veit at det er utfordrande å finne og dokumentere kadaver. Vanlegvis kjem tapa til jerv seinare i sesongen. Det er no ein skadesituasjon i Langfjelldalen og tilsynet melder om manglande lam basert på observasjon av fargemerka søyer. Statsforvaltaren er uroa for at situasjonen no kan utvikle seg på same vis som i Ulvådalen og at potensialet for ytterlegare skade og store tap er stort.

Med bakgrunn i dei dokumenterte jerveskadane, observasjonar gjort av tilsyn og tapssituasjonen i fjor, ventar vi at det vil oppstå ytterlegare tap til jerv i desse beiteområda dei komande vekene. Iverksetjing av tidleg nedsanking som skadeførebyggjande tiltak er mindre aktuelt som tiltak på denne tida av året, og vil berre vere ei nødløysing dersom tapa blir ekstra store framover mot hausten, og andre verkemiddel ikkje kan ventast å ha effekt. Vilkåra i rovviltforskrifta § 9 for å gje skadefellingsløyve er til stades.



Sjølv om det er vanskeleg å lukkast med felling av jerv på barmark, finn vi at skadesituasjonen gjer at det er rett å prøve å felle jerv tett på der jerven er observert i angrep på sau og der det er funne kadaver i år.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved offentleg myndigheitsutøving. Offentlege vedtak som kan påverke naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg vere tufta på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon samt effekt av påverknad, jf. § 8.

Det nasjonale bestandsmålet for jerv er i rovviltforskrifta § 3 fastsett til 39 årlege ynglingar. Bestandsmålet er vidare fordelt på fem av åtte forvaltningsregionar for rovvilt, jf. rovviltforskrifta § 4. I rovviltregion 6 er det mål om 10 årlege ynglingar. Dei fylkesvise bestandsmåla går fram av forvaltningsplanen, og er i Møre og Romsdal på 3 tre årlege ynglingar. Alle ynglingar skal telje med i vurderinga av om bestandsmåla er oppnådd, uavhengig av om dei er innanfor eller utanfor forvaltningsområdet. Målsettinga er likevel å oppnå bestandsmåla innanfor forvaltningsområdet for jerv i Sunndalsfjella og Reinheimen.

Rovbase viser at det hittil i år er påvist 14 ynglingar av jerv i region 6. Fem av ynglingane er registrert i Møre og Romsdal, tre innanfor forvaltningsområdet for jerv og to utanfor. Bestandsmålet for både rovviltregionen og fylket er nådd. Gjennom statusrapportar frå Rovdata og informasjon frå det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt har vi god kunnskap om jervebestanden og den samla belastninga jervebestanden er utsett for, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10. Førre var- prinsippet i § 9 vert difor tillagt lita vekt i denne saka.

Rovviltnemnda har for den kommande lisensfellingsperioden fastsett ei kvote på totalt 7 jervar i Møre og Romsdal, 2 innanfor forvaltningsområdet og 5 utanfor. Ei eventuell skadefelling av jerv før lisensjakta startar 10. september vil gi tilsvarande fråtrekk i kvota for lisensfellingsperioden. Statsforvaltaren legg difor til grunn at fellingsløyve på ein skadegjerande jerv i forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal ikkje vil verke inn på overlevinga til den sørvestlege jervebestanden i Norge (nml § 10). Erfaringane frå lisensfellingsperioden og frå forsøk på felling av skadegjerande jerv i beitesesongen viser også at det er vesentleg større utteljing under lisensfellinga enn det som er tilfelle ved forsøk på felling av skadegjerande jerv i beitesesongen.

Vi oppfordrar til tett oppfølging av situasjonen og at innmelding av eventuelle skader og/eller kadaver får prioritet. Vi oppfordrar vidare til at tilsynet følgjer opp fargekoda søyer for å fange oppeventuelt manglande lam, slik at ein får god oversikt over eventuelle tap. Det nærmar seg no sanking og vi ser det som særskilt utfordrande å kombinere skadefelling med sanking, i tillegg vil skadepotensialet endre seg når sankinga tek til. Vidare er det på denne tida av året skadane normalt tek til og ein bør no ha fokus på å få heim dyra så snart råd. Vi minner om at **siste frist** for tidlegsanking, for å kvalifisere for tilskot, er 5. september.

### Vedtak

Ut frå vurderingane ovanfor og med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77; jf. §§ 1,3, 9 og 13 i rovviltforskrifta av 18.03.2005, gir statsforvaltaren Jarle Hauge fellingsløyve på ein (1) skadegjerande jerv. Dei som skal vere med i fellingslaget, må dei tilfredsstillе aktuelle kriterium lista opp i punkta nedanfor.

Statsforvaltaren innvilgar ikkje jegerløn (§ 9a i rovviltforskrifta).



Følgjande vilkår er knytt til iverksetjing av fellingsløyvet:

- a. Fellingsløyvet gjeld frå 21.08.2021 til 30.08.2021 kl. 12.00.
- b. Fellingsløyvet gjeld innafør Fjord kommune, avgrensa til beiteområda nytta av Jarle Hauge. Fellingsforsøket skal gjennomførast tett på der det er dokumentert at jerven har valda skade i år.
- c. Fellingsløyvet vert gitt til Jarle Hauge som er fellingsleiar og dermed ansvarleg for gjennomføring av fellingsforsøket og naudsynt rapportering.
- d. Jervetispe i følgje med ungar er unnateke frå fellingsløyvet.
- e. Aktuelle deltakarar i fellingsforsøket skal meldast inn til Statsforvaltaren. Ingen kan ta del i fellingsforsøket før dei er rapporterte inn til Statsforvaltaren. Jarle Hauge er som fellingsleiar er ansvarleg for at alle som tek del i fellingsforsøket er kjent med vilkåra i dette vedtaket.
- f. Alle som tek del i fellingsforsøket skal vere registrert som lisensjegerar, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, av 22. mars 2002, §§ 13 og 14.
- g. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstillar krava til jakt på jerv, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
- h. Felling eller forsøk på felling skal umiddelbart meldast til Statsforvaltaren på telefonnummer 9092 6016 og til Statens naturoppsyn.
- i. Dersom jerv vert skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogeleg. Skyttar pliktar å forvise seg om påskote dyr er truffe eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald underrette Statsforvaltaren og næraste politimynde (tlf: 02800). Statsforvaltaren avgjer vidare gjennomføring og avslutting av ettersøk. Dei som har deltatt i fellingsforsøket skal bistå forvaltningsmynde eller politimynde i det vidare ettersøket.
- j. Jerv felt i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eigedom. Etter § 16 i Forskrift om forvaltning av rovvilt, skal jeger vise fram felt dyr for SNO for kontroll og prøvetaking så snart som råd etter felling. Jeger skal kunne påvise fellingsstad dersom SNO, politi eller Statsforvaltaren ber om det.
- k. Felling og forsøk på felling etter dette løyvet kan gjennomførast uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltloven § 35.
- l. Det er krav til rapportering knytt til skadefellingsforsøket. Tone Grønningsæter skal utarbeide ein tilsyns-/fellingslogg som skal registrerast i Miljøvedtaksregisteret etter at skadefellingsløyvet er utgått, jamfør rettleiar M-1440|2019. Sluttrapport skal vere levert seinast **10. september 2021**.

### Klage

Dette vedtaket kan klagast på innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke eller gjort tilgjengeleg i Miljøvedtaksregisteret, jf. forvaltningslova kap. IV, §§ 28 og 29. Ei eventuell klage må grunngjevast og skal stilast til Miljødirektoratet, postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim, men sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde.

Alle vedtak som gjeld felling av freda rovvilt blir gjort tilgjengeleg på [www.miljovedtak.no](http://www.miljovedtak.no). Ein kvar kan fortløpande følgje med på vedtak som gjeld felling av freda rovvilt, ved å abonnere på vedtaka (e-postvarsling).



Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)  
fagleiar naturforvaltning

Andreas Sandnes Granli  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Kopi til:**

**SNO v/Miljødirektoratet**

**STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG**

**Fjord kommune**

**Postboks 5672 Torgarden**

**Postboks 2600**

**Olavsgata 10**

**7485**

**7734**

**6210**

**TRONDHEIM**

**STEINKJER**

**VALLDAL**